

Reguleringsføresegner for, del av Åmlihaugen gnr.53 bnr.9, og del av Kostvelt gnr 51 bnr 2, Vinje

FØRESEGNER

§ 1

Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet. Infrastruktur VVA, kablar o.l skal visast som vedlegg til planen

§ 2

Området er regulert til fylgjande føremål:

Byggeområde

Område for jord og skogbruk

Spesialområde (veg)

§3 BYGGEOMRÅDE

HYTTER/ FRITIDSBYGG

a) Hytter skal plasserast som vist i plankartet. Mindre justering av hytteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.

b) Frittliggende hytter skal ikkje ha meir enn 100 m² BYA (bygd areal).

Bygningane skal ha saltak, gesimshøgde maks. 3,0 m. mønehøgde maks.5,5 m. over terreng.

Grunnmur skal normalt ikkje vera høgare enn 0,8 meter over opphavelig terreng.

Utvendig skal det nyttast trematerialar, kraftig, ståande kledning og naturvenlege, mørke fargar.

Lafta tømmerbygningar kan nyttast. Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 24 - 32 grader og tekkast med torv.

c) Med byggesøknad skal det ligge situasjonsplan i mål 1:500 som syner:

Tomtestorleik, plassering av bygningar og anlegg, intern veg parkering o.a

d) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogeleg grad takast vare på. Felling av større tre skal skje i samråd med eigar av gnr.53 bnr.9 evt gnr. 51 bnr. 2.

e) Mellom eventuelle verandapillararar skal det gjerdast mot beitedyr.

f) Det er ikkje tillate med gjerde eller flaggstenger.

§ 4 SPESIALOMRÅDE

4.1 Privat veg

a) Opparbeidd privat veg, grusveg, b. 3,5m skal nyttast som tilkomstveg til hytter og eventuelle parkeringsplassar, til landbruks/skogbruksdrift og til kommunale oppgåver.

Skjerings- og fyllingsutslag kan koma inn på areal som ligg inntil regulert veg.

4,2 Bevaring bygg /anlegg.

Regulert bevaringsområdet femner om kolgroper og gravrøys, som er verna av kulturminnelova, og eit område rundt desse. Det er ikkje høve til å setja i verk tiltak av noko slag innom bevaringsområdet.

§5 VATN OG AVLAUP

Fritidsbustader skal ha låg sanitær standard.

Fritidsbustadane kan ikkje ha innlagt vatn, men ha vasspostar ute. Det skal nyttast biodo.

§9 RENOVASJON

Hushaldsavfall vert tekje hand om av kommunen gjennom tvungen renovasjonsordning.

Hytteiegjarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå renovatør, Renovest.

§10 STRAUMFORSYNING, FIBEROPTIKK O.L

Alle typar kablar skal leggst i grøfter i samsvar med leidningsplan for området.

§ 12 DISPENSASJON

Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene innom ramma av Plan- og bygninglova.

§13 PRIVATRETTSLEGE AVTALER

Etter at planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnene.